

Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

Referat Styremøte 04/24

Tid: Torsdag 19. desember kl. 20.30-21.00
Stad: Digitalt, Teams
Til stades: Lars Nesheim, Cecilie Eide, Gunnar Konradsen, Mette Storseth, Hallstein Jakobsen
 Enodd, Håvard Børseth, Sangkoret Samhald (sak 20/24)
Forfall: Jens Gunnar Fløttum

Sak	Omtale/ Vedtak	Ansvar	Frist
19/24	Godkjenning av referat frå førre styremøte, 9. september <i>Vedtak: Referatet vart samråystes godkjent</i>	Lars	
20/24	Budsjett for stemne 2025 (V) Forslag til budsjett vart sendt til styret 28. november. Stemnegeneral Håvard Børseth orienterte. Inntektene var sett til kr 529.750 og kostnadene til kr 524.854, med eit overskot på kr 4.895. Stemnekontingenget er sett til kr 400, som er det same som i 2024. Børseth sa at dei hadde arbeidd mest med kostnadssida. Inntektene er per i dag meir usikre, overskotet vert langt større enn det som kjem fram no. <i>Vedtak: Budsjettet vart samråystes godkjent</i>	Lars	I
21/24	Temadagar for dirigentar – betaling av honorar (V) Me fekk midlar frå Koralliansen til å arrangere to Temadagar for dirigentar. Me engasjerte to instruktørar, 1 heil dag kvar, med eit honorar på kr 7.500 per instruktør. Påmeldingsfristen var 20. september, og me fekk tre påmeldte. I samråd med Cecilie Eide og Tove Ramlo bestemte eg 2. oktober at me måtte avlyse Temadagane. I og med at instruktørane allereie hadde brukt tid til planlegging, spurde eg Koralliansen om dei kunne dekke halvt honorar til instruktørane. Og fekk til svar at det var prinsippvedtak på at dei ikkje gir kompensasjon ved avlyste kurs. NK Trøndelag Sør opplyser at dersom det vert gitt beskjed minst 30 dagar før avlysing, vert det ikkje betalt honorar. I vårt tilfelle vart beskjeden gitt berre 24 dagar før avlysing. <i>Vedtak gjort av styret på e-post 21. oktober:</i> <i>NKØG betalar ut halvt honorar til instruktørane Svetlana Aksnes og Hanne Bæverfjord, i alt kr 7.500. Det var avtalt eit honorar til eit øvingskor, men i og med at koret ikkje har brukt tid til førebuing, vert honorar ikkje utbetalt.</i>	Lars/ Cecilie	
22/24	Søknader til dirigentstipend (V) Den 14.11 mottok eg følgjande søknad frå leiar i SOU, Cecilie Eide: Det ble enighet på møte med dirigentene i NKØG 28.oktober om å sende en søknad om stipend for de dirigentene som ønsker å	Lars	

Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

	<p>delta på Januarkonferansen til NKST i januar 2025. Vi søker derfor om dette. Per i dag er disse påmeldt: Cecilie Eide, Elisabeth Dalsaune, Ann Kristin Haugerud, Hilde Rudi Bråten, Hege Gorsetvold, Berit Gåsbakk, Svetlana Aksnes og Ingrid Storlimo. Det koster kr 4.400 med overnatting i enkeltrom og mat, samt kr 1.000 kroner i deltakeravgift.</p> <p><i>Vedtak: Det er sett av kr 15.000 til dirigentstipend for 2025. I og med at det ikkje vart brukt meir enn kr 5.400 i 2024, meiner styret at me kan gå litt over ramma for 2025. Åtte dirigenter får kvar tildelt kr 2.500 i stipend.</i></p> <p>23/24 Diverse orienteringar (O)</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Innspel til arbeidet med Strategiplan NK. Dette vart det orientert om på leiarmøtet i november, og leiaren fekk full makt til å svare. Vart gjort 8. desember. b. Orientering Trøndelag Kulturkrets. Leiaren var invitert til møte i Trondheim 27. november for å stifte Trøndelag Kulturkrets. Initiativtakarane ser for seg at Kulturkretsen kan ha ein tilsvarande rolle som Idrettskretsen. Det vart vald eit interimstyre som skal utarbeide ein strategiplan fram til årsmøtet i april. Eg melde NKØG inn. Ingen forpliktingar, kan trekkje oss ut når som helst. Utdrag frå invitasjonen: <i>Målet med etablering av Trøndelag Kulturkrets er å styrke kulturfrivilligheten i Trøndelag. Trøndelag Kulturkrets skal være en sentral aktør i utvikling av regional og nasjonal kulturpolitikk. Kulturkretsen skal bidra til økt gjennomslagskraft og bedre rammevilkår for den regionale kulturfrivilligheten i Trøndelag fylke. Dette skal oppnås ved at kulturkretsen etablerer et sterkere fellesskap, større synlighet og enklere hverdag for de regionale frivillige kulturorganisasjonene, og til økt kunnskap om kulturfrivilligheten i fylket.</i> <p>24/24 Tid for neste styremøte</p> <p>Dato er ikkje fastsett. Møtet vert halde på Teams, Gunnar inviterer. Dato er ikkje fastsett. Årsmøtet skal haldast 16. mars. Styret må behandle årsmelding, rekneskap, budsjett, handlingsplan og eventuelle endringar av retningslinjer/vedtekter. Årsmøtet skal varslast seinast seks veker før, frist for innsending av saker er fire veker og sakspapir skal sendast ut minst to veker før årsmøtet. Må truleg ha eit møte i slutten av januar. Møtet vert halde på Teams, Gunnar inviterer (unngå mandag og onsdag).</p>	Lars	
		All	